

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF
DATO: 19.01.2021
SAKSHANDSAMAR: Vidar Vie
SAKA GJELD: **Risikostyring 2021**
ARKIVSAK: 2021/167

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
29.01.2021

STYRESAK:
005/2021

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek orienteringa om arbeidet med risikostyring i Helse Førde 2021 til vitende.
2. Styret ber administrerande direktør om å bli orientert om status etter første og andre tertial 2021.

Oppsummering

Helse Førde har starta arbeidet med risikostyring for 2021. Det er valt ut fem risikoområde gjennom ein regional prosess. Føretaket deltek i det regionale arbeidet med å få på plass ein modell for gjennomføring av risikostyring og ein struktur for å arbeide med risikoområda.

Fakta

Helse Vest ønskjer sterkare fokus på risikostyring, og det er valt ut fem risikoområde som skal gjelde i to-tre år framover:

- Legemiddelområdet
- Vald og trugsmål mot medarbeidarar
- IKT og informasjonssikkerheit
- Ekstern turnover
- Uønskt variasjon – radiologi og ortopedi

Samstundes er det sett i gang eit regionalt arbeid som har to hovudfokus:

1: Utarbeide ein generisk modell for gjennomføring av risikovurdering og risikostyring i Helse Vest, og avgrense virkeområde for modellen

2: Utarbeide ein struktur for arbeidet basert på at det blir peikt ut prosessansvarleg og arbeidsgrupper regionalt og lokalt per område der hovudelementa i arbeidet vil vere:

- *Utarbeiding av faktagrunnlag og omtale av pågåande arbeid*
- *Gjennomføre analyser av kunnskapsgrunnlaget inkludert risikovurdering*
- *Utvikling av og deling av tiltak på HF/RHF/HV IKT*
- *Evaluering og korrigering (risikostyring)*

Helse Førde deltek i det regionale arbeidet, og har også valt lokale ansvarlege på kvart risikoområde. Administrerande direktør er eigar av risikoarbeidet i føretaket, men for å sikre forankring og eigarskap i føretaksleiinga er det også peika ut risikoeigarar derifrå på kvart område:

Risikoområde	Risikoeigar	Risikoansvarleg
Legemiddelområdet	Fagdirektør Evy-Helen Hellesteth	Seksjonsleiar Kari Furevik
Vald og trugsmål mot medarbeidarar	HR-direktør Arne Skjelten	HMS-rådgevar, Halvard Brekke
IKT og informasjonssikkerheit	Administrerande direktør Arve Varden	IKT-sjef, Frode Schanke
Ekstern turnover	HR-direktør Arne Skjelten	Seksjonsleiar, Inger Johanne Sætènes

Uønskt variasjon – radiologi og ortopedi	Fagdirektør Evy-Helen Hellesteth	Avdelingssjef Børge Stavland
		Avdelingssjef Kari Anne Indrebø

Dei risiko-/prosessansvarlege har hatt ein første gjennomgang av dei fem risikoområda og har starta arbeidet med å identifisere faktakjelder, analysekapasitet og deltakarar i lokal arbeidsgruppe.

Sjølv om den regionale strukturen ikkje er på plass enno, så har altså administrerende direktør sett det som føremålstenleg å sette i gang arbeidet lokalt. Arbeidet blir lagt opp slik at det lett kan tilpassast den regionale strukturen etter kvart som den utviklar seg. Inntil vidare vert det lagt opp til å rapportere og arbeide etter gjeldande retningslinjer for risikostyring i Helse Vest. Styret får rapport etter første og andre tertial. Arbeidet gjennom året blir rapportert til Helse Vest gjennom årleg melding.

Kommentarar

Helse Vest har lagt vekt på å velje ut fem risikoområde som skal vere felles og relevante for alle føretaka i vest. Målet er mellom anna at regionalt samarbeid og læring skal styrkast. Administrerende direktør meiner dette er ei god tilnærming, og at dei fem områda også er relevante for Helse Førde. Det same gjeld arbeidet med å utvikle og fornye den regionale modellen for risikostyring. Målet må vere at risikostyringa blir integrert i verksemdsstyringa elles.

Helse Førde står fritt til også å velje ut andre risikoområde. Det har vore diskutert i føretaksleiinga, og mellom anna har område som Nye Førde sjukehus, «den gylne regel», covid-19-pandemien og økonomi vore vurderte. Etter ei totalvurdering fall valet på å fokusere på dei fem regionale risikoområda i denne omgang. Mellom anna fordi styringa og merksemda knytt til andre aktuelle områder vert vurdert som god.

Ei systematisk risikostyring set krav til både metodikk, tilgjengelege ressursar og tidsbruk når den skal utøvast på føremålstenleg måte. Å gjennomføre det på ein god måte er krevjande, og det vert vurdert som rett å innarbeide nye arbeidsmåtar før nye område vert tekne inn. Det er likevel ingenting i vegen for at føretaket kan ta inn andre risikoområde undervegs i året, dersom det er ønskjeleg.

Konklusjon

Helse Vest har valt ei tilnærming til risikostyring som styrkar samarbeid og læring på tvers. Arbeidet i Helse Førde er organisert slik at det lett kan samordnast med det regionale arbeidet, når strukturen der er på plass. Styret vert første gong orientert om status etter første tertial.